

**RÅDSVEDTAK****av 19. desember 1997****om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram for katastrofevernebuing(\*)**

(98/22/EF)

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN  
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 235,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen<sup>(1)</sup>,

med tilvisning til fråsegna frå Europaparlamentet<sup>(2)</sup>,

med tilvisning til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet<sup>(3)</sup>,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet<sup>(4)</sup> og

ut frå desse synsmåtane:

Dei fellesskapstiltaka som er gjorde på dette området sidan 1985, har gjort det mogleg gradvis å utvikle samarbeidet mellom medlemsstatane. Dei resolusjonane som er vedtekne sidan 1987<sup>(5)</sup>, dannar grunnlaget for dette samarbeidet.

Fellesskapssamarbeidet på området katastrofevernebuing medverkar til å nå måla i traktaten ved å fremje solidariteten mellom medlemsstatane, betre livskvaliteten og medverke til å tryggje og verne miljøet.

I fellesskapsprogrammet for politikk og tiltak på området miljø og berekraftig utvikling<sup>(6)</sup> som Kommisjonen har lagt fram, er det fastsett at fellesskapsinnsatsen skal aukast på områda katastrofevernebuing og miljøkatastrofar.

Skipinga av eit fellesskapshandlingsprogram der det er fastsett støttetiltak vil medverke til at samarbeidet på dette området kan utviklast endå meir effektivt. Eit slikt

program bør i stor grad byggje på røynsler som alt er gjorde på dette området.

For å betre førebuinga er det viktig med tiltak for å førebu dei som har ansvaret for og arbeider med katastrofevernebuing i medlemsstatane.

For å hjelpe europeiske borgarar med å verne seg sjølve på ein meir effektiv måte er det òg viktig å setje i verk tiltak som er retta mot ålmenta.

Det faste nettet av nasjonale kontaktpersonar for katastrofevernebuing vil framleis spele ei aktiv rolle i saker som gjeld katastrofevernebuing.

Det vil verte oppnemnt eit utval med representantar frå medlemsstatane som skal hjelpe Kommisjonen med gjennomføringa av dette vedtaket.

I samsvar med nærleiksprinsippet vil fellesskapssamarbeidet støtte og utfylle den nasjonale politikken for katastrofevernebuing med sikte på å gjere han meir effektiv. Utveksling av røynsler og innbyrdes hjelp vil medverke til å redusere tap av menneskeliv, personskadar, økonomiske skadar og miljøskadar i heile Fellesskapet.

På grunn av særtrekka deira bør det takast særleg omsyn til dei mest fjerntliggjande og isolerte regionane i Fellesskapet.

Programmet bør vare i høgst to år (1998, 1999).

I dette vedtaket er det ført opp ein finansiell referansesum, slik det er definert i punkt 2 i fråsegna frå Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen av 6. mars 1995, for heile det tidsrommet som programmet varer, utan at dette rører ved dei fullmaktene som budsjettstyresmakta har i medhald av traktaten.

I traktaten er det berre artikkel 235 som gjev heimel for å gjere dette vedtaket —

**GJORT DETTE VEDTAKET:**

*Artikkel 1*

Det vert vedteke eit fellesskapshandlingsprogram (heretter kalla "programmet") for katastrofevernebuing som skal medverke til å verne personar, miljø og eigedom i tilfelle naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar, utan at det rører ved kompetansefordelinga på nasjonalt plan.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 8 av 14.1.1998, s. 20, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 71/1999 av 15. juni 1999 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlege områder utenfor de fire friheter, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF C 142 av 8.6.1995, s. 19, og TEF C 202 av 12.7.1996, s. 9.

(2) TEF C 141 av 13.5.1996, s. 258.

(3) TEF C 301 av 13.11.1995, s. 3.

(4) TEF C 100 av 2.4.1996, s. 111.

(5) TEF C 176 av 4.7.1987, s. 1, TEF C 44 av 23.2.1989, s. 3, TEF C 315 av 14.12.1990, s. 1, TEF C 315 av 14.12.1990, s. 3, TEF C 198 av 27.7.1991, s. 1, TEF C 313 av 10.11.1994, s. 1.

(6) TEF C 138 av 17.5.1993, s. 5.

Føremålet med programmet er å støtte og utfylle innsatsen til medlemsstatane innan ramma av tiltaka deira på nasjonalt, regionalt og lokalt plan i saker som gjeld katastrofevernebuing, og å oppmuntre til samarbeid mellom medlemsstatane på dette området.

Dette programmet omfattar ikkje tiltak som tek sikte på å harmonisere lovene og forskriftene i medlemsstatane eller organiseringa av førebuing på nasjonalt plan.

#### *Artikkel 2*

1. Programmet skal gjelde frå 1. januar 1998 til 31. desember 1999.

2. I samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 4, og m.a. på grunnlag av dei opplysningane som medlemsstatane legg fram for Kommisjonen, skal det vedtakast ein plan for gjennomføringa av programmet som skal fastsetjast for to år og reviderast årleg.

Den finansielle referansesummen for gjennomføringa av programmet er 3 millionar ECU.

Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjetstytresmakta innan ramma av dei finansielle overslaga.

3. Tiltaka i programmet, finansieringsordningane og ei rettleiande fordeling av ressursane er oppførde i vedlegget.

#### *Artikkel 3*

1. Planen for gjennomføring av programmet skal innehalde dei særskilte tiltaka som skal gjerast.

2. Dei særskilte tiltaka skal hovudsakleg veljast ut på grunnlag av følgjande kriterium:

- a) medverknad til å redusere faren for og skadane på personar, miljø og eigedom i tilfelle naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar,
- b) medverknad til å betre førebuinga hjå dei som arbeider med katastrofevernebuing i medlemsstatane, med sikte på å betre evna deira til å gripe inn i tilfelle naudssituasjonar,
- c) medverknad til å betre teknikkane og metodane for gjennomføring av hjelpeaksjonar: forsøksprosjekt,
- d) medverknad til å gje borgarane opplysning, utdanning og auka medvit med sikte på å betre evna deira til å verne seg sjølve.

3. Kvant særskilt tiltak skal gjennomførast i nært samarbeid med dei rette styresmaktene.

4. Kvant tiltak skal ta omsyn til resultatata frå forskning innanfor dei aktuelle områda på fællesskapsplan og på nasjonalt plan.

5. Kommisjonen og medlemsstatane skal medverke til at det er samanheng mellom dette programmet og andre fællesskapstiltak.

#### *Artikkel 4*

Kommisjonen skal få hjelp til gjennomføringa av programmet av eit utval som er samansett av representantar frå medlemsstatane og vert leidd av representanten for Kommisjonen.

Representanten for Kommisjonen skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak som skal gjerast. Utvalet skal kome med ei fråsegn om utkastet innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar. Fråsegna skal gjevast med det fleirtalet som er fastsett i artikkel 148 nr. 2 i traktaten for avgjerder som Rådet skal ta etter framlegg frå Kommisjonen. Ved røysting i utvalet skal røystene til representantane for medlemsstatane ha den vekta som den nemnde artikkelen fastset. Leiaren skal ikkje røyste.

Kommisjonen skal vedta tiltak som skal setjast i verk straks. Dersom tiltaka ikkje er i samsvar med fråsegna frå utvalet, skal Kommisjonen straks gje Rådet melding om dei. I slike høve

- a) kan Kommisjonen utsetje iverksetjinga av dei tiltaka som han har vedteke, i tre månader rekna frå den dagen meldinga vart gjeven,
- b) kan Rådet med kvalifisert fleirtal ta ei anna avgjerd innan den fristen som er fastsett i bokstav a).

#### *Artikkel 5*

Kommisjonen skal kvart år vurdere framdrifta i gjennomføringa av planen, og leggje fram ein skriftleg vurderingsrapport for det utvalet som er nemnt i artikkel 4.

#### *Artikkel 6*

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. januar 1998.

#### *Artikkel 7*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 19. desember 1997.

*For Rådet*

F. BODEN

*Formann*

## VEDLEGG

Tiltak	Finansieringsordningar	Rettleiande fordeling av ressursar
<p><b>A. Tiltak som medverkar til å betre førebuinga hjå dei som arbeider med katastrofevernebuing</b></p> <p>1. <i>Opplæring</i></p> <p>Organisering av arbeidsgrupper som hovudsakleg er sjølvstyrde, og som samlar sakkunnige på høgt nivå frå medlemsstatane, slik at dei innanfor kvart fagområde kan utveksle røynsler gjennom djuptgåande drøftingar om metodar, teknikkar og framgangsmåtar med sikte på</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>— å betre førebuinga,</li> <li>— å skape vilkår for skiping av eit nett av personar som gjer det mogleg med eit meir effektivt samarbeid mellom medlemsstatane i tilfelle naudssituasjonar.</li> </ul> <p>2. <i>Utveksling av sakkunnige</i></p> <p>Utveksling mellom medlemsstatane av sakkunnige, som såleis får høve til å følgje korte opplæringskurs i ein annan medlemsstat.</p> <p>Ut plassering av éin eller fleire sakkunnige ved katastrofevernebuingstenestene i ein annan medlemsstat for at den eller dei sakkunnige kan få høve til å leggje fram spesielle opplæringskurs eller -modular, skaffe seg røynsle frå eller vurdere ulike teknikkar som vert nytta, eller studere metodar som vert nytta av andre katastrofevernebuingstenester.</p> <p>3. <i>Simuleringsøvingar i Fellesskapet</i></p> <p>Føremålet med desse øvingane er å samanlikne metodar og støtte framdrifta i dei nasjonale ordningane for katastrofevernebuing.</p>	<p>Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 75 % av dei samla kostnadane ved tiltaket, med ei øvre grense på 62 500 ECU per tiltak</p> <p>Opptil 75 % av reise- og opphaldsutgiftene for dei sakkunnige, og 100% av utgiftene til samordning av ordninga</p> <p>Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 50 % av kostnadene til observatørar frå medlemsstatane som er inviterte av den medlemsstaten som organiserer øvinga, kostnader til organisering av tilhøyrande arbeidsgrupper, førebuing av øvinga, utarbeiding av sluttrapporten osv.</p>	<p>58–70 %</p>

Tiltak	Finansieringsordningar	Rettleiande fordeling av ressursar
<p><b>B. Prosjekt som medverkar til å betre teknikkane og metodane for gjennomføring av hjelpeaksjonar (forsøksprosjekt)</b></p> <p>Prosjekt som har til føremål å betre kapasiteten blant medlemsstatane til å ta del i hjelpeaksjonar. Desse prosjekta tek hovudsakleg sikte på å betre midla, teknikkane og framgangsmåtane i samband med hjelpeaksjonar. Dei må ha eit slik omfang at dei er av interesse for alle eller for fleire av medlemsstatane, og kan omfatte prosjekt som tek sikte på innføring av ny teknologi i samband med katastrofevernebuing.</p>	<p>Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 50 % av dei samla kostnadene til kvart prosjekt</p>	<p>15–20 %</p>
<p><b>C. Tiltak som medverkar til å gje borgarane betre opplysning og utdanning og auka medvit med sikte på å betre evna deira til å verne seg sjølve</b><sup>(1)</sup> <sup>(2)</sup></p> <p>Tiltak som fremjar utveksling av røynsler mellom medlemsstatar, regionar og lokale styresmakter når det gjeld initiativ som er tekne for å gje borgarane betre opplysning og utdanning og auka medvit med sikte på å betre evna deira til å verne seg sjølve. Tanken er å byggje på det arbeidet som er gjort i medlemsstatane, og å gjere det mogleg for dei rette styresmaktene og organisasjonane å dra nytte av liknande røynsler som er gjorde i andre medlemsstatar. Målgruppa er heile ålmenta.</p> <p>Distribusjon av opplysningsmateriell og vandretstillingar om fellesskapssamarbeidet på området katastrofevernebuing.</p>	<p>Finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 50 % av dei samla kostnadene til kvart tiltak</p> <p>100 % finansiering</p>	<p>15–20 %</p>
<p><b>D. Mobilisering av sakkunnige</b></p> <p>Mobilisering av sakkunnige, slik det er fastsett i driftshandboka for katastrofevernebuing, for å styrkje dei åtgjerdene som er innførde i medlemsstatane av styresmakter som står overfor naudssituasjonar som følgje av naturkatastrofar eller teknologiske katastrofar.</p> <p>Mobilisering av sakkunnige i visse naudssituasjonar, etter oppmoding frå tredjestatar, på det vilkåret at desse tiltaka ikkje kan få støtte innan ramma av ECHO eller andre fellesskapsordningar.</p>	<p>Finansieringstilskot frå Fellesskapet: 100 % av kostnadene i samband med oppdraga til dei sakkunnige</p>	<p>2 %</p>

(1) Dette programmet omfattar ikkje fellesskapstiltak på området folkehelse (sjå særleg europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 645/96/EF av 29. mars 1996 om vedtaking av eit fellesskapshandlingsprogram for helsefremjande tiltak, helseopplysning, helseutdanning og helseopplæring i samband med innsatsen for folkehelsa (1996-2000) (TEF L 95 av 16.4.1996, s. 1).

(2) Tiltak under bokstav C kan omfatte konferansar og andre tilskipingar i samband med katastrofevernebuing som er opne for eit stort publikum (finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 30 %, med ei øvre grense på 25 000 ECU), og andre støttetiltak for å fremje innsatsen til medlemsstatane på området katastrofevernebuing (finansieringstilskot frå Fellesskapet: opptil 50 % av dei samla kostnadene til tiltaket).